«O, VELDIGE NATUR»

Av Fredrik Bødtker Lund

O, veldige natur, mitt tempel,
o, jord jomfruelig og skjønn
med pré av mesterhåndens stempel
selv i et gresstrås enkle grønn.

O, veldige natur, min kirke,
i sannhet skapt fullkommen fri
for dogme-demagogers virke
og fariseisk hykleri.

O, veldige natur, min stjerne,
du barn av altets moderskjød,
som rommer i din egen kjerne
opprinnelsen til liv — og død.

O, veldige natur, min hyrde,
du følgesvenn i livets ring,
som løfter stenen av min byrde
og viser Gud i alle ting!

TURAR TIL TROLLHETTA

Av Olav Krog

Elleve gonger har eg vore på toppen av Trollhetta. Første gongen som år ung og med far som førar. Brørne mine, Bergsven og Martin, var og med.

Ein solklår sommarmorgon tok vi ut frå Kvilingbakken, setra vår i Resdalen. Over Resa kom vi tørskodd på ein håvgarde, men Raufjelløyane er våtlendte og vande å ferdast i. Tri bekker går i hop her. I slyng og krokar slik at mange har gått seg fast. Ei mengd med fuglar held til her. Mest småvorne, men og store. Eit par hegrar letta frå ei sandøyr, flaug roleg over toppane på lauvskogen ved bekken, strekte føtene langt attover, vridde den lange halsen og så seg attende. Tru om det kunne løna seg å flyge stort lenger? Så senka dei sakte ned ved eit anna bekkefar. Men kva var det? Oppe i lufta mekra ei geit. Det var mekregauken som fekk fram låten når lufta vart pressa mellom stuvfjærene. Hadde han drive dette spelet i skyminga, kunne han ha skremt oss.

Det er kjørande veg langs Raufjellbekken. På Sausetra var det måtsamt å kvile på. Her har vi Trollheimsfjella heilt innpå oss. Dei næraste var ikkje lenger blå som vi såg dei frå bygda, men grå. Svarthatten var svart som kol, medan Tovdalsberga hadde eit skjær av grønt heilt til topps. Mellom oss og desse fjella ei lita rund tjønn, Raufjelltjønna. Ho er vakker, Raufjelltjønna, som eit strålande barneauge som smiler imot deg på vakre sommardagar. Og det gjorde ho den dagen til oss og. I lia under Tovdalsberga hadde Krokasetra stått. Det var ikkje noko seterbøle der lenger — «kun